



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 19.03.2018
Vår ref.: 2017/15547-14
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Miljøpris for Hordaland

Utval for miljø og samferdsel i Hordaland fylkeskommune vedtok i møte 07.02.18, sak 27/18 å tildele Miljøpris for Hordaland til Mette Nygård Havre og Kristine Ullaland. Vi gratulerer med tildelinga!

Prisen vart delt ut 13. mars på Fylkestinget i Hordaland. Prisen er på 25 000 kr til kvar av mottakarane og overført til deira bankkonto.

Under følgjer protokoll frå sak 27/18:

Vedtak

1. *Utval for miljø og samferdsel tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris til Mette Nygård Havre og Kristine Ullaland.*
2. *Juryen si grunngjeving:*

Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt arbeidet rundt ein tematikk som har fått auka merksemd dei siste åra. Matsvinn hjå einskildpersonar og bedrifter og svinn og auka forbruk generelt er både eit stort klimaproblem, eit problem for lommeboka og eit ressursfordelingsproblem på verdsbasis.

Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt to dyktige kvinner som har evna å kombinera idealistiske verdiar og miljøengasjement med nytt innovativt entreprenørskap.

***Mette Nygård Havre** (tidlegare kommunikasjonsdirektør i BIR) er leiar av firmaet Grønne Verdier. Gjennom firmaet sitt og folkeopplysningsbevegelsen #spisoppmaten har ho verkeleg sett matsvinn på den norske agendaen. Ho og familien har titals tusen følgjarar på sosiale medium og er i mediabiletet stadig vekk, t.d. på God Morgon Norge, debattar og radiointervju. Ho har fått både Q-meieria(Kavli) og Tine-meieria til å endra datomerking frå: " Best før" til "Best før men ikkje dårleg etter".*

***Kristine Ullaland** er CEO og stiftar av Zero Waste Norge AS, eit ungt firma basert på idealistiske verdiar. Zero Waste Norge sitt mål er å stoppa utvinning og forbruk av unødvendige ressursar, og dermed spare miljøet for dei negative konsekvensane dette fører med seg. Dei er i gang med å utvikla et program med særskilt fokus på korleis bedrifter kan redusere svinn, råvarebruk, avfall, utslepp og energiforbruk.*

Mottakarane av Miljøpris 2017 er gode og inspirerende førebilete til at det nyttar å engasjera seg som privatperson i miljøvernarbeidet, og at me alle dermed kan utgjera den viktige skilnaden i å omsetja FN sine

berekraftmål til lokal handling. I tillegg viser prismottakarane også at miljøvernarbeidet har potensiale for innovasjon og grunderskap.

Gratulerer med tildelinga og lukke til med arbeidet dykkar vidare!

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.